DEN NORSKE KYRKJA
Sula sokn

GENERELLE VILKÅR FOR BRUK AV KYRKJENE I SULA SOKN

1. Kyrkjene i Sula kan, etter søknad til soknerådet, leigast ut til konsertar og andre kulturarrangement med kyrkjelege formål i tider utanom faste gudstenester og andre kyrkjelege handlingar. Det er ei forutsetning at alle arrangementa vert lagt opp og blir gjennomført i samsvar med kyrkja sine verdiar. Det forutsett at kyrkja til ein kvar tid framstår på ein måte som ivaretek besøkande sine behov best mogleg. Opplegg og program skal klart framgå av søknaden. Endringar må berre utførast i samråd med utleigar. Dette gjeld spesielt radio- og TV-opptak.

2. Leigesats ved utleige av kyrkjene fastsett av Sula sokneråd, jfr. Kirkeordninga § 22. Avgifta dekker utgifter til kyrkjetenar, reinhald og administrasjon. Faktura blir utsendt frå utleigar etter arrangementet. Ved konsertar er leigetakar pliktig til å oppgje talet på betalande gjester og fakturaadresse. Ved arrangement som krev større bemanning under øvingar på førehand eller ved sjølve arrangementet, fakturerast meirkostnadene i tillegg til fastsett avgift for arrangementet.

3. Sula sokneråd oppfordrar konsertarrangørar til å gje frå seg 10 fribillettar til sosialt vanskelegstilte personar. Sula sokn og våre samarbeidspartnarar kan hjelpe med utpeiking og utdeling av desse etter nærare avtale.

4. Leigetakar skal halde seg til tildelt tid og alt skal være rydda og klart når ein reiser frå kyrkja. Dersom ikkje anna er avtalt skal utstyr fjernast også mellom øvingar.

5. Før konsertar skal tidspunkt for øving avtalast seinast 4 veker på førehand. Tid til oppvarming for orkester og andre utøvarar skal vere inkludert i øvingstidene.

6. Ved utleige til arrangement som krev rigging av ekstra utstyr skal det på førehand settast opp riggeplan som skal godkjennast av kyrkjeverja. Leigetakar har plikt til å halde seg til planen og endring kan berre skje etter avtale med kyrkjeverja. Det er viktig at reglar i høve rigging blir formidla til dei som skal foreta rigginga.

7. Riggeplanen markerast på vedlagte teikningar og skal innehalde følgande opplysningar:

1. Bruk av kyrkjerommet; Her skal visast plassering av utøvarar, publikum, scene, evt. plattingar, tribuner og anna teknisk utstyr.
2. Lyssetting: Vise planlagt leidningsføring, plassering og innfesting av spot/lampar/lys og evt. andre elektriske installasjonar i den forbindelse.
3. Lydrigging: Vise plassering av høgtalarar, miksepult, evt. anna lydteknisk utstyr og planlagt leidningsføring, kabeltrekk i det høve.
4. Angi om kyrkja sitt orgel eller piano skal nyttast.

8. Riggeplanen skal godkjennast av kyrkjeverja og leigetakar er pliktig å rette seg etter pålagte krav og tilvisingar. Dersom omfanget av rigginga er av ein slik art at kyrkjeverja krev at det skal være fagpersonar/tilsynsfolk frå kyrkjeverja til stede, blir utgifter i høve dette bekosta leigetakar. Dette inngår ikkje i avgifta for utleige. Fakturering skjer frå kyrkjeverja etter arrangementet i høve til berekning av leigeinntekt og medgått tid. Ansvarlege ved kyrkjeverja har under eit kvar omstende fri tilgang for tilsyn.

9. Leigetakar er ansvarleg for at alt arbeid som utførast i leigetakars regi utførast i høve til lovar og føreskrifter om helse-, miljø og sikkerheit. Leigetakar utpeiker kontaktperson som er ansvarleg for å handheve dette.

10. Det må utvisast særleg aktsemd under rigging slik at bygninga ikkje bli påført skader av nokon art. Leigetakar er erstatningspliktig for skader som blir påført inventar, golv eller kyrkja elles.

11. Under rigging er det representantar frå kyrkja til stede (kyrkjetenar) som er til assistanse i rimeleg utstrekning. Det kan ikkje inngåast avtalar på staden som sett denne avtalen til side. Dersom utleigar finn at riggearbeidet kan påføre bygget skadar, har vedkommande plikt og rett til å stoppe arbeidet inntil ei anna løysning er på plass. Leigetakar pliktar å rette seg etter utleigars tilvisingar på staden og avgjersle i saker som ikkje er nemnd i denne avtalen.

12. Det er ikkje høve til å feste noko på veggar, dører eller inventar, verken inne eller utandørs. Særleg beskyttelse kan også vere aktuelt når store høgtalarar, miksebord eller anna teknisk utstyr skal fraktast inn i kyrkja. Det er ikkje høve til å dra tunge gjenstandar langs golvet, sleppe gjenstandar ned frå høgda eller lage merker på golv eller veggar med kritt, tape el. Ved bruk av lysestakar og levande lys skal golvet dekkast til mot søl.

13. Det er ikkje rom for "ommøbleringar". Stolar, benkar o.l. er ein del av kyrkja sitt faste inventar og må ikkje flyttast utan at det er avtalt og godkjent i riggeplanen. Døypefont og preikestol skal ikkje nyttast til anna formål. Uvedkommande gjenstandar skal ikkje plasserast på alter/alterring eller innanfor alterringen, på stolar eller anna inventar.

14. Det skal utvisast særleg aktsemd med omsyn til brannfaren. Det er ikkje høve til provisoriske elektriske installasjonar. Eventuell utplassering av brannsløkkingsutstyr blir bestemt av kyrkjeverja og blir fakturert leigetakar. Leigetakar er ansvarleg for at utstyret er tilgjengeleg og kan betenast, og skal tilbakeleverast i same stand som det blei mottatt. Leigetakar skal utnemne brann/dørvakter tilsvarande antall rømmingsvegar/dører. Dørvakta sitt namn skal oppførast på eige punkt i kontrakta.

15. Alle utgangar er rømmingsveg og skal haldast fri for gjenstandar eller anna som er til hinder eller fare ved ei eventuell evakuering.

16. Ved bruk av levande lys skal det utvisast særleg aktsemd, spesielt når det blir satt opp lysestakar ut over kyrkja sitt inventar.

17. Bruk av scene-røyk og liknande spesialeffektar krev spesiell tillating i kvart einskild tilfelle.

18. Det er ikkje høve til å lagre emballasje, instrumentkasser m.v. i kyrkja. Leigetakar har sjølv ansvar for forsvarleg lagring på annan stad.

19. All kabelføring langs golvet skal vere plassert slik at det ikkje er til fare for besøkande.

20. Ved inn- og utgang til arrangementet skal kyrkjerommet være tilstrekkeleg belyst.

21. Det er ikkje høve å bruke kyrkjerommet til spiserom. Ved behov for pause/spiserom kan det avtalast særskild bruk av sakristi til dette. Leigetakar er ansvarleg for å rydde etterpå.

22. Alteret er til kyrkjeleg bruk; det er derfor ikkje høve til å opphalde seg innanfor alterringen. Det er heller ikkje høve til å bruke alterringen som benk eller bord eller å sitte eller stå på alterringen.

23. For INDRE SULA KYRKJE er det krav om minimum 2 parkeringsvakter i forkant av arrangementet. Desse må gjere seg kjent med parkeringsmoglegheiter, og hjelpe med plassering av køyretøy, samt hindre at det blir parkert på privat eigedom og privat veg. Leigetakar må syte for at utrykkingskøyretøy har fri tilkomst til kyrkja.

24. Det er generelt røykeforbod i kyrkjene.

25. Søknad om leige må innehalde beskriving av arrangementet, inkludert tekstar og musikk som skal framførast.

DEN NORSKE KYRKJA
Sula sokn

Vedlegg 1, Orienteringsplan Langevåg kyrkje:



Riggeplan, Langevåg kyrkje


1. Bruk av kyrkjerommet; Her skal visast plassering av utøvarar, publikum, scene, evt. plattingar, tribuner og anna teknisk utstyr. Teikn og forklar på bildet over.

2. Lyssetting: Vise planlagt kabelføring, plassering og innfesting av spot/lampar/lys og evt. andre elektriske installasjonar samband med dette.

3. Lydrigging: Vise plassering av høgtalarar, miksepult, evt. anna lydteknisk utstyr og planlagt kabelføring i det høve.

4. Angi om kyrkja sitt orgel eller piano skal nyttast:

Vedlegg 2, Orienteringsplan Indre Sula kyrkje:



Riggeplan, Indre Sula kyrkje:

1. Bruk av kyrkjerommet; Her skal visast plassering av utøvarar, publikum, scene, evt. plattingar, tribuner og anna teknisk utstyr. Teikn og forklar på bildet over.

2. Lyssetting: Vise planlagt kabelføring, plassering og innfesting av spot/lampar/lys og evt. andre elektriske installasjonar samband med dette.

3. Lydrigging: Vise plassering av høgtalarar, miksepult, evt. anna lydteknisk utstyr og planlagt kabelføring i det høve.

4. Angi om kyrkja sitt orgel eller piano skal nyttast: